Lovendringane er eit resultat av arbeidet i Kommunal- og regionaldepartementet for ein endå betre eigenkontroll i kommunane. Det er òg ei oppfølging av arbeidsgrupperapporten *85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane*.

- Kontrollutvalet er kontrollorganet til kommunestyret. Dei handsamar viktige saker som handlar om kommunale tenester, økonomi og måloppnåing. Eg meiner det er viktig og rett at desse møta som hovudregel er opne, seier Navarsete.

Også styremøta i kommunale føretak skal som hovudregel vere opne.

- Kommunale føretak er ein del av kommunen. Dei bør i stor grad vere opne for innsyn, seier Navarsete.

Kommunelova er samstundes endra slik at kontrollutvala og revisorane får rett til innsyn i alle interkommunale samarbeid etter kommunelova § 27 og i alle aksjeselskap som direkte eller indirekte er eigde av kommunen.

- Styrkt eigenkontroll er viktig for å sikre tilliten innbyggjarane har til kommunen. Det sikrar også effektiv og rett ressursbruk i kommunen, seier Navarsete.

Statsråden peiker òg på samanhengen mellom eigenkontrollen og statleg tilsyn.

- Eg ser det slik at i kommunar med aktiv forvaltningsrevisjon og eigenkontroll bør statlege tilsynsetatar ta omsyn til det og redusere tilsynet sitt, seier Navarsete.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00.



VEDLEGG 5 SAK/2/13

Medlemsbrev nr. 2 / 2012.

Dato: 5. desember 2012

ORGANISASJON & INFORMASJON.

Konferanser fra FKT i 2013:

- ❖ KONTROLLUTVALGENES EGEN FAGKONFERANSE MED ÅRSMØTE HOLDES 5. – 6. JUNI 2013.
 - Gardermoen (Clarion Hotel Oslo Airport)
 - Juni er en fin årstid, og vi vil for 4. år på rad ha en sosial aktivitet integrert i opplegget.
 - Arbeid med program og sosial ramme pågår.
 - Program blir sendt ut i mars 2013.
 - Viser ellers til hjemmesiden www.fkt.no
 - Målgruppe: Kontrollutvalgene, deres sekretariater og andre med interesse for arbeidsfeltet.
- ❖ SEKRETARIATSKONFERANSE HOLDES 20. MARS 2013.
 - Oslo (Thon Hotel Opera)
 - Målgruppe er hovedsakelig kontrollutvalgenes sekretariater.
 - Program blir sendt ut i månedsskiftet jan./febr. 2013.
- ❖ PROP. 119 L (2011-2012). HVOR STÅR SAKEN NÅ?
 - Omhandler endringer i kommuneloven mm. Det er denne stortingsproposisjonen som bl.a. har forslag om åpne møter i kontrollutvalgene. *Jkraftmeldelse 01.01.14*
 - Her var det høring i Stortingets kommunal- og regionalkomite i november. Innstilling fra komiteen og første behandling i Stortinget er begge planlagt til desember 2012.
- ❖ NYE ENDRINGER I KOMMUNELOVEN?
 - FKT har fått tilsendt en høringssak fra KRD med forslag til endringer i kommuneloven og offentleglova (innbyggerinitiativ, revisors taushetsplikt, utsatt offentlighet).
 - Link: http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Horingsnotat_innbyggerinitiativ.pdf
 - Styret vil gi en uttalelse til deler av den innen høringsfristen 26. febr. 2013.
- ❖ SAMARBEID MED ANDRE ORGANISASJONER.
 - FKT inviterer til kontaktmøte med Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) 10. januar 2013. Her deltar styreleder, daglig leder og et styremedlem fra hver av organisasjon.
- ❖ OG FORØVRIG...
 - ... så vil FKT ønske våre medlemmer en fin adventstid, God Jul og et Godt Nyttår!

Med hilsen

Per Rune Vereide (s)
Styreleder i FKT

Hogne Haktorsen
Kontrollsjef / dagleg leiar

Sekretariat:
FKT
Pb. 7900, 5020 Bergen
fkt@fkt.no

Telefon dir.: 55 23 94 53 / 55 23 94 47
Mobil: 911 05 982 / 97 50 51 52
Fax: 55239499

Hjemmeside: www.fkt.no
Bank: 0539 43 90447
Org. nr. 989 545 159

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	18.02.13	03/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

RUTINAR/SYSTEM FOR PERSONOPPLYSNINGSHANDTERING I SAUDA KOMMUNE

Saksorientering:

Frå møtet 19.11.12, sak 25/12 er følgjande protokollert:

Utvalet ønskte at det på neste møtet blir orientert om datatryggleik, personvern og handsaming av personopplysningar.

Bakgrunnen var at på Haustkonferansen for Forum for kontrollutvalg i Rogaland 01.11.12 i Sandnes var eitt av tema «Forvaltningsrevisjon av behandling av personopplysninger». Det blei vist til Sandnes sin rapport frå 2010 utarbeida av Rogaland Revisjon IKS og Stavanger kommune sitt arbeid og system knytta til kontroll av sensitiv sone. Utvalsleiar meinte det ville være av interesse å få høyre korleis situasjonen var i Sauda.

Utvalet har bede rådmannen v/systemansvarlig IKT om å orientere om tema.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sauda kontrollutval tar rådmannen si orientering om rutinar/system for personopplysningshandtering i Sauda kommune til orientering.

Aksdal, 11.02.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	18.02.13	04/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

RUTINAR FOR ANBOD, KONTRAKTAR OG KLAGEHANDSAMING.

Saksorientering:

Frå møtet 19.11.12 er følgjande protokollert under Eventuelt:

Utvalet drøfta ei sak som gjaldt kommunen sin rutinar for anbod, kontraktar og klagehandsaming. Utvalet blei samd i at dei ville be rådmannen laga eit skriftleg notat til neste møte og at han vert innkalla til å orientere om saksfeltet.

I brev av 30.01.13 til administrasjonen ber utvalet om:

all dokumentasjon i saka om anbodskonkurransen for renovasjon i Sauda kommune, slik som: anbudskriteria, utlysningstekst, innkomne anbod i sin heilhet, protokoll frå anbudsopning, dokumentasjon (referat) frå utveljingsprosessen, inkludert kommunen sitt grunnlag for vekting av tildelingskriteria, og all anna relevant dokumentasjon.

Utvalet ber og rådmannen utarbeida eit skriftlig notat med oversikt over administrasjonen si handtering av denne anbudsprosessen.

Sekretariatet har motteke den etterspurt dokumentasjonen, samt eit Internt notat, den 12.02.13. Noko av denne dokumentasjonen er oversendt medlemmene, resten vil kunne bli lagt fram i møtet.

Spørsmåla nedanfor oppsummerar i hovudsak kva utvalet ynskjer å få administrasjonen sine synspunkta på:

Sauda kontrollutvalg ønsker informasjon om korleis rutinar fungerer og korleis me kan vera sikre på at dei som gir inn anbud til Sauda kommune (rammeavtale og enkeltanbud) er trygge på å vera godt ivaretatt og ha tiltru til at rette val blir tatt, ref. anbudsgrunnlag.

Har aktørane krav på innsyn i kvifor rekkefølga i rammeavtalen blant aktørane vart som den vart, slik at dei forstår og aksepterer vilkåra, er eitt av spørsmåla som dukker opp.

Sauda kontrollutvalg er opptatt av at prosessar rundt inngåing av rammeavtar og anbudsinngåing er kvalitetssikra og ryddige.

Rådmannen vil på dette møte gi ei orientering og svare på spørsmål frå utvalet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Sauda tek rådmannen si orientering rutinar for anbod, kontraktar og klagehandsaming til etterretning.

Aksdal, 11.02.13

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Odd Gunnar Høie', with a long horizontal line extending to the right.

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær



Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
Postboks 57
5575 AKSDAL

Deres ref.	Vår ref./Saksbehandler	Arkivkode:	Dato:
	12/1770-15/13/1499/Anders Skaarer	M52	12.02.2013

FORESPURTE DOKUMENTER - ANBODSKONKURRANSE OM RENOVASJON I SAUDA KOMMUNE

Vedlagt oversendes alle dokumenter knyttet til anbudsprosessen for transport av avfall i Sauda kommune.

Vedlagt finnes også notat som beskriver prosessen.

Med hilsen
Teknisk enhet

Anders Skaarer
kommunalsjef Teknisk

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.11.2012	Anbudsprotokoll- transport av avfall for Sauda kommune	151371
07.11.2012	Tilbud på transport av avfall for Sauda kommune	151372
07.11.2012	Transport av avfall for Sauda kommune	151373
07.11.2012	Tilbud på transport av avfall fra Sauda kommune	151374
07.11.2012	Tilbudsbrev- transport og behandling av avfall Sauda kommune	151370
26.11.2012	Klage på kontraktstildeling transport avfall for Sauda kommune	152264
26.11.2012	SV: (Innsyn)Pris forespørsel angåen transportering av avfall	152265
27.11.2012	Utrekning av score og rangering av tilbud	152295
12.02.2013	Oversikt over priser ved innlevering_121127.xlsx	152296
28.11.2012	Transport av avfall_Rangering av kvalifiserte	152386

12.02.2013	Utgreiing rundt anbudsprosess avfallstransport Sauda kommune	155876
16.11.2012	Svar vedrørende transport av avfall fra Sauda kommune	151878
16.11.2012	Svar vedrørende transport av avfall fra Sauda kommune	151901
16.11.2012	Svar vedrørende transport av avfall fra Sauda kommune.	151903
16.11.2012	Svar vedrørende transport av avfall fra Sauda kommune	151904

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	18.02.13	05/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2012

Saksvedlegg: Forslag til Årsmelding for kontrollutvalet 2012

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt. 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2012 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2012 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan en total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering.


Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL INNSTILLING:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2012.


Årsmeldinga vert oversendt kommunestyret til orientering.

Aksdal, 11.02.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kontrollutvalet i Sauda kommune



ÅRSMELDING 2012

INNLEIING

Kapittel 12 i kommunelova omtalar **internt** tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal stå for tilsynet (§77). Kontrollutvalet er eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll.

I følge kommunelova § 77 pkt. 6 skal «kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret».

1. KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

2. MEDLEMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret.

For perioden 2011-2015 har Sauda kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer:

Inge Løyning – leiar
Wenche Pleyd – nestleiar
Katrine Skorpe

Varamedlemmer:

1. Egil Bakke
2. Sjur Hatlen
3. Anne Grethe Lindseth

Katrine Skorpe og Wenche Pleyd sit i kommunestyret. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2012

Kontrollutvalet har i 2012 hatt 5 ordinære møte fordelt med tre møte første halvår og to møter andre halvår.

Utvalet har hatt 28 saker til handsaming og 20 saker til orientering.

Møta i kontrollutvalet er haldne for lukka dører i samsvar med kommunelova § 77 nr 8.

Utvalet sine 3 medlemmer deltok på Fagkonferanse kontroll og tilsyn i Trondheim 6. – 7. juni i regi av Forum for kontroll og tilsyn. Inge Løyning og Wenche Pleyd deltok på høstkonferansen til Forum for kontrollutvalg i Rogaland den 1. november 2012 i Sandnes.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov, føresegnar og god kommunal revisjonsskikk.

I møtet den 25.04.12 handsama kontrollutvalet kommunen sin årsrekneskap for 2011. Utvalet hadde følgjande uttale til rekneskapen:

Kontrollutvalet merkar seg at ein stor del av overskotet på rekneskapen knyter stil til uførsette inntekter og bruk av fond.

Skatterekneskapen for 2011 vart lagt fram for utvalet til orientering på møtet den 16.02.12

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at da vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal innan utgangen av første året i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sitt vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012. Utkast til plan og overordna analyse blei utarbeida av KPMG. Kontrollutvalet arbeida med planen og analysen gjennom store delar av 2012. Utvalet vedtok planen i november 2012. Endeleg vedtak vil bli gjort av kommunestyret i 2013.

Utvalet har ikkje handsama nokon forvaltningsrevisjonsrapport i 2012.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller eigde saman med andre kommunar. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012. Utkast til ny plan blei utarbeida av sekretariatet og vedteke av utvalet i november 2012. Endeleg vedtak vil bli gjort av kommunestyret i 2013.

Utvalet har ikkje handsama nokon rapport frå selskapskontrollar dette året. Dei tinga, saman med dei andre eigarkommunane, ein kontroll av Interkommunal Arkiv IKS i byrjinga av året – rapport frå denne kontrollen er venta og verta ferdig på nyåret 2013.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret avgjer om kommunen skal tilsetja eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annan revisor. Vedtak om dette skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

Sauda kommunestyre vedtok i oktober 2011 å seie opp avtalen om revisjon med Haugaland kommunerevisjon med verknad frå 30.06.2012. Anbud på revisjonstenestene blei lyst ut.

Kommunestyret valde etter innstilling frå kontrollutvalet firmaet KPMG som kommunen sin nye revisor for perioden 2012-2015.

Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter. Kontrollutvalet har handsama uavhengighetserklæring frå revisor samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker. Utvalet har og blitt orientert om statlege tilsyn, budsjettvedtak, KOSTRA-tall, tertialrapportar, m.v.

4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL

Kontrollutvalet handsama hausten 2012 framlegg til totalbudsjett for internt tilsyn og kontroll for 2013. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 630 000. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

4.6 SEKRETARIAT

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei stifta i 2005. Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Rådgjevar hadde fedrepremisjon i 12 veker på våren og valde så og seie opp i prøvetida. Ny rådgjevar blei tilsett 01.08.12. For dagleg leiar har det vore eit svært travelt år med nye folkevalde, nytt styre og representantskap, konkurranseutsetting av revisjon, sørge for at planarbeidet kom i hamn og tilsetting av ny rådgjevar.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2012 har vore som planlagt, men innanfor forvaltningsrevisjon noko mindre enn forventet. Året har vore prega av å få på plass ny revisjonsordning og nye planar for dei neste fire år.

Sauda, 18. februar 2013

Inge Løyning
Leiar
(sign)

Wenche Pleyrn

(sign)

Katrine Skorpe

(sign)

Vedlegg til Årsmelding for 2012 – Sauda kontrollutval

Saker til handsaming:

- 01/12 Godkjenning av protokoll 15.12.11
- 02/12 Referatsaker 16.02.12
- 03/12 Budsjett Sauda kommune 2012
- 04/12 Årsmelding Sauda kontrollutval 2011
- 05/12 Revisor si egenerklæring
- 06/12 Val av revisor (*ikkje offentleg, jf off.l. § 23*)

- 07/12 Godkjenning av protokoll 16.02.12
- 08/12 Referatsaker 25.04.12
- 09/12 Regnskap Sauda kommune 2011
- 10/12 Interkommunalt arkiv IKS – selskapskontroll
- 11/12 Utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon 2012-15.

- 12/12 Godkjenning av protokoll 25.04.12
- 13/12 Referatsaker 18.06.12
- 14/12 Journalføring av post
- 15/12 Overordnet analyse - Plan for forvaltningsrevisjon 2012-15.

- 16/12 Godkjenning av protokoll 18.06.12
- 17/12 Referatsaker 24.09.12
- 18/12 Budsjett for kontroll og tilsyn 2013
- 19/12 Revisor si egenerklæring
- 20/12 Plan for selskapskontroll 2012-2016
- 21/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012-16, orientering om framdriftsplan
- 22/12 Presentasjon av revisor – overordna revisjonsstrategi
- 23/12 Forslag til møteplan for 2013

- 24/12 Godkjenning av protokoll 24.09.12
- 25/12 Referatsaker 19.11.12
- 26/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015
- 27/12 Statusoversikt pr. november – over kontrollutvalet sine saker
- 28/12 Sauda kommune sitt budsjett for 2013

Referatsaker:

1. Informasjonsskriv 1/12 frå NKRF – engasjementbrev
2. Overføring av oppgåver frå Helsetilsynet i fylket til Fylkesmannen.
3. DSB – Hver fjerde kommune uten strømberedskap
4. Folkehelseinstituttet – publisering av folkehelseprofiler av landets 429 kommuner
5. Sauda kommune sin folkehelseprofil
6. Årsmelding og skatteregnskap frå Skatteoppkrevjaren i Sauda

7. Kommunestyresak 022/12 – val av revisor 2012-2015.
8. Fylkesmannen i Rogaland. Statlege tilsyn 2012.
9. KS' etikkonferanse 7.3.12. Samandrag.
10. KOFA. Samandrag frå KOFA si årsmelding

11. Prop. 119 L – Endringar i kommunelova m.m. (eigenkontroll mv).
12. Protokoll – representantskapsmøte Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
13. FKT-konferansen i Trondheim 6.-7.06.12 - evaluering
14. Rammeavtale om revisjonstenester mellom Sauda kommune og KPMG AS

15. Innkjøp og bruk av rammeavtaler i Sauda kommune v/rådmannen
16. Fylkesmannens tilsynsrapport – Vaksne sin rett til grunnskuleopplæring

17. Kommunene og loven om offentlige anskaffelser – Kommunal Rapport 01.10.12
18. Høstkonferansen 2012 – oppsummering
19. Invitasjon til NKRF konferansen 6.-7. februar 2013
20. Det uforståelige kommunebudsjettet av Bjørn Brox

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	18.02.13	06/13
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

RAPPORT SELSKAPSKONTROLL - INTERKOMMUNALT ARKIV IKS (IKA)

Saksvedlegg: Rapport frå selskapskontroll av Interkommunalt Arkiv Rogaland –
utarbeida av Rogaland Revisjon IKS

Bakgrunn:

Sauda kontrollutvalg gjorde følgjande vedtak 25.04.12, sak 10/12:

Kontrollutvalget i Sauda vil delta i prosjektet med å gjennomføre selskapskontroll i Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS (IKA) i tråd med det utkast til prosjektmandat som foreligger fra Rogaland Revisjon 02.02.12.

Kostnadsfordeling vert godkjent slik det kjem fram i vedlegg.

IKA IKS er eit offentlig heileigd selskap der i alt 24 kommunar og 4 selskap i Rogaland deltek som eigarar. Selskapskontrollen omfattar i utgangspunktet alle 24 kommunane.

Mandat:

Revisor foreslo i sitt utkast til prosjektmandat for gjennomføring av selskapskontrollen at formålet skulle vera *å gjennomføre kontroll med forvaltninga av eigarinteressene i IKA (eigarskapskontroll), og ei analyse av utvalde forhold knytt til selskapet si drift og utvikling (forvaltningsrevisjon).*

Ut frå dette formålet foreslo revisor at det vart sett nærare på følgjande problemstillingar:

- Korleis er selskapet styrt og korleis er eigarane si oppfølging av selskapet lagt opp?
- Korleis følgjer selskapet opp formålet i selskapsavtalen og lovreglar om offentlige arkiv?
- Blir selskapet sine aktivitetar rapportert i tråd med lovar og reglar?
- Korleis følgjer selskapet opp lovreglar om offentlige anskaffingar og offentlegheit?
- Korleis handterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?

Saksorientering:

Rogaland Revisjon IKS har nå utarbeida vedlagde rapport frå den gjennomførte kontrollen av selskapet, som nå vert lagd fram for kontrollutvalet til handsaming. Revisor kjem med følgjande tilrådingar:

Tilrådingar til selskapet:

- *Styret bør utarbeide en styreinstruks. Styret bør foreta en årlig skriftlig egenvurdering. Styret bør registrere seg i KS sitt styrevervregister.*
- *Selskapet bør innhente et formelt skattefritak for sin virksomhet.*
- *Selskapet bør utarbeide et HMS-system. Selskapet bør vurdere valg av verneombud eller bruk av annen ordning.*
- *Selskapet bør påse at lovregler om offentlige anskaffelser følges for både vare- og tjenestekjøp.*

Tilrådingar til eigarkommunane:

- *Kommunene bør sikre at eierrepresentantene får opplæring og informasjon om eierstyring.*
- *Valgkomitéen for styreutnevnelsen bør ta med habilitets- og kompetansevurderinger som dokumenteres*

For meir detaljar visast det til samandrag og sjølv rapporten.

Forskrift om kontrollutval § 15 slår fast at eit selskap som er omfatta av selskapskontroll og den som utøver kommunen si eigarfunksjon, alltid skal ha høve til å gje uttrykk for sitt syn på dei forhold som vert omtala i rapporten. Eventuelle kommentarar skal gå fram av rapporten.

Rapporten er kommentert av styre og dagleg leiar i selskapet, samt av eigarane ved representantskapet i eigarkommunane.

Selskapet sine kommentarar:

Rogaland Revisjon IKS har motteke følgjande kommentarar frå selskapet 18.01.13:

Vi viser til e-post av 19. desember 2012 vedrørende høring av rapport etter selskaps-kontroll av Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS (IKA).

Vi har ingen merknader til faktagrunnlaget slik det forekommer i rapporten.

Når det gjelder de negative funnene i rapporten har vi følgende kommentarer:

- *Skattefritak på overskudd: IKA vil søke Skatteetaten om skattefritak i løpet av 1. halvår 2013.*
- *HMS-system: Det vil bli utarbeidet og iverksatt et HMS-system i løpet av 2013.*
- *Valg av verneombud eller annen ordning: Øystein Jonassen er valgt til verneombud i to år fra og med 2013. Han vil få opplæring i løpet av året, og en instruks for verneombud vil bli utarbeidet i forbindelse med nytt HMS-system.*
- *Konkurransetsetting av tjenesteavtaler: Det vil i løpet av året bli hentet inn tilbud på bank, regnskap og IT i henhold til reglene om offentlige anskaffelser.*
- *Behovet for styreinstruks, skriftlig egenvurdering, styreansvarsforsikring og registrering i KS sitt styrevervregister vil bli behandlet av styret i løpet av våren 2013.*
- *Opplæring av eierrepresentantene: IKA ser på dette som eiernes ansvar.*

Eigarane sine kommentarar:

Frå eigarane er det kun komme tilbakemelding frå nokre få eigarrepresentantar. Desse hadde ingen særskilte kommentarar til rapporten.

Det er ikkje tilsvarende krav for oppfølging av selskapskontroll som for forvaltningsrevisjon. For kommunane sin del er kontroll av eigarskap vedteke i ny plan for selskapskontroll, og vil bli sett på samla. Det er derfor ikkje naturleg å følgja opp tilrådingane til eigarane nå. Når det gjeld tilrådingane til selskapet vil ein gjere framlegg om at desse blir følgd opp hausten 2013.

Kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i denne saka.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Sauda kommunestyre tek den framlagde selskapskontrollen av Interkommunalt Arkiv IKS til etterretning.
2. Rapporten vert oversendt eigarkommunane, som bes om å ta stilling til rapporten sine tilrådingar. Kontrollutvalet følgjer opp tilrådingane når det gjeld selskapet hausten 2013.

Aksdal, 11.02.13



Odd Gunnar Høie
Utvalgssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	18.02.13	07/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

UTVELGJING AV FORVALTNINGREVISJONSPROSJEKT I 2013

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Kontrollutvalet bør på dette møtet ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer gjennomført i 2013, slik at revisor sitt utkast til mandat for gjennomføring av prosjektet kan handsamast på neste møte i 2013.

Saksorientering:

Prosjekt for gjennomføring av forvaltningsrevisjon skal bestillast med bakgrunn i vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon. Ny plan for perioden 2012-2016 blei vedteken av kontrollutvalet hausten 2012. Følgjande prosjekt er blant dei prioriterte prosjekta i den nye planen:

- Kommuneøkonomien
- Legesenteret/legetenesta
- Internkontroll
- Innkjøp
- Vedlikehald
- Teknisk avdeling

Prosjekta er ikkje prioritert og det vil difor vere opp til utvalet og velje ut fyrste prosjekt. Utkast til prosjektmandat vil i så bli handsama på neste møte, då endeleg bestilling kan foretas.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sauda kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "xxxxx" til neste møte i april 2013.

Aksdal, 11.02.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær